

# **Innkalling til møte i felles programstyre for lektorutdanningen**

## **Møte 26.10.22**

Tidspunkt: 26. oktober 2022, kl. 12.00-14.00

Møtested:

**Forslag til dagsorden:**

**I Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**II Protokoll fra møtet 21. september**

### Drøftingssaker

**Sak 16/22**     **Sluttrapport for evalueringen av lektorutdanning trinn 8-13**

Notat fra Lektorsenteret

**Sak 17/22**     **Redesign av lektorutdanningen, høringssak om ny modell**

Notat fra Lektorsenteret

**Sak 18/22**     **Høring ny studieforskrift**

Saksdokument vedlagt

### Orienteringssaker

**Sak 19/20**     **Samarbeid med Cape Acamdey of Mathematics, Science and Technology (CAMST) – langpraksis i utlandet**

Muntlig orientering.

**Sak 20/20**     **Møte i UHR lærerutdanning 27.-28. oktober**

Saksdokumenter vedlagt.

**Sak 21/20**     **Nasjonale retningslinjer for lektorutdanning og Praktisk-pedagogisk utdanning**

Muntlig orientering.

**Sak 22/20**     **Møte i nasjonalt fagråd for lektorutdanning og Praktisk-pedagogisk utdanning**

Muntlig orientering.

**Sak 16/22      Sluttrapport for evalueringen av  
lektorutdanning trinn 8-13**

Notat fra Lektorsenteret

*Drøftingssak*

## Notat

**Til: Felles programstyre for lektorutdanningen**

**Møte: 26. oktober 2022**

ephorte: 22/13416

---

NOKUT har gjort ei omfattande [nasjonal evaluering](#) av lektorutdanninga for trinn 8–13, og 20. oktober ble [sluttrappen](#) presentert på eit frukostmøte i Oslo.

UiB fekk 1. september tilsendt utkast til dei kapitla som omhandlar vår lektorutdanning. Vi vart bedne innan 15. september om å gjere ein faktasjekk og melde inn eventuelle feil eller andre problem i den framstillinga som vart gitt og dei vurderingane komiteen kom med.

Medlemene i programstyret for lektorutdanning fekk tilsendt rapporten, og fekk høve til å gi tilbakemelding innan 8. september. Deretter koordinerte leiaren av programstyret, saman med lektorsenteret, arbeidet med å utforme ein tilbakemeldingstekst. Leiaren for styringsgruppa var involvert i dette arbeidet, og UiBs tilbakemelding vart sendt 15. september.

Det vart notert ein god del feil og manglar i NOKUTs rapportutkast. Ein del av feila danna premissar for vurderingar, og dermed vart fleire av vurderingane etter vårt syn problematiske. Det framstod vidare som om UiB ikkje var merksam på det som var faktiske utfordringar og ikkje gjorde noko med situasjonen. Blant anna var ikkje redesignprosjektet nemnt med eit ord, og rapporten tek i liten grad høgde for at UiB er midt i ein omstillingsprosess for lektorutdanninga. Både omorgansering og redesignprosjektet vart gjort grundig greie for i refleksjonsnotatet og i institusjonsbesøket.

I den endelege rapporten har NOKUT teke omsyn til *dei fleste* av merknadene som UiB kom med. Særleg viktig er det at redesignprosjektet er synleggjort.

Vi konstaterer at komiteen er kritisk til den desentrale modellen ved UiB, til studiedesign og til institusjonell praksis. UiB bør i tida framover bruke evalueringa på mest mogleg konstruktiv måte. Sjølv om ikkje alt som står i rapporten er like treffande, ut frå den utviklinga som har vore den siste tida, peikar rapporten på fleire utfordringar ved lektorutdanninga som vi bør gå nærare inn i, og ta omsyn til. Utfordringane blir oppsummert heilt til slutt i tre kulepunkt:

- *Det er behov for å tydeliggjøre Lektorsenterets rolle og beslutningsmyndighet.*
- *Det er behov for bedre koordinasjon av lektorutdanningen på tvers av fakultet for å sikre studentenes tilhørighet og utvikling av profesjonsidentitet.*
- *Det er behov for å begrense overlapp mellom undervisning og praksis, og praksis bør organiseres i samarbeid med praksisskolene som perioder orientert mot bestemte temaer, aktiviteter og oppgaver som kan bidra til å forberede studentene på skolens hverdagsliv*

**Sak 17/22      Redesign av lektorutdanningen,  
høringssak om ny modell**

Notat fra Lektorsenteret

*Drøftingssak*

## Notat

**Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen**  
**Møte: 13. oktober 2022**

ephorte: 22/890

---

Det vil bli en muntlig presentasjon av status i redesign-arbeidet i møtet.

### **Vedlegg 1:**

#### **Prosess og tidsplan for redesign av lektorutdanningen ved UiB**

Oppdatert 21. september 2022

#### **Våren 2021: Vedtaksgrunnlag**

- Vedtak i styringsgruppa for lektorutdanning 16. april 2021
- Vedtak i universitetsstyret om organisering av lektorutdanninga ved UiB, 17. juni 2021

#### **Hausten 2021: Etablering av prosjektorganisasjon**

Mål: Etablere redesignprosessen for lektorutdanninga

- Tolking av mandat og problemgrunnlag
- Prosjektleiar og prosjektorganisasjon blir etablert og presentert i styringsgruppa 1. september. Orientering ved alle styringsgruppemøte
- Læringslaben blir involvert
- Emne for programrådsmøte 6. oktober, 4. oktober og 15. november: seminardel 15. november
- Presentasjonar ved lektorutdanningsutvalsmøte
- Presentasjon for eksterne fagfellar ved lektorutdanninga, 9. november
- Presentasjon ved allmøte, 12. november
- Presentasjon ved dekanmøte, 22. november
- Tematisering ved NOKUT-institusjonsbesøk 25.–26. november
- To planlagde seminar måtte dessverre avlysast pga. smittevernsituasjonen

#### **Våren 2022: Formulering av læringsutbytte og skisser til programkart**

Mål: Involvere relevante fagmiljø, identifisere læringsutbytte og starte programkartarbeidet

- Løpande tema i møte i programrådet for lektorutdanning
- Løpande tema i praksisutvalet: konkrete spørsmål til utvalet

- Digitalt seminar primært for disiplinfga 19. januar. Oppfølging med oppgåve: formulere læringsutbytte innan 26. april.
- Etablering av [nettside](#) med løpande informasjon om prosessen
- Gruppearbeid ved lektorutdanningskonferansen 17. februar
- 2-dagars arbeidsseminar for studentar 21.–22. april.
- Heildagsseminar primært for disiplinfga og programråd 2. mai. Fokus på læringsutbytte og programkart.
- Statusrapport og førebelse tilrådingar for styringsgruppa 2. juni
- Kartlegging av korleis rammeplanmål blir realisert i læringsutbytte og undervisning i programma. Frist for innsending: 27. juni.

### **Hausten 2022: Læringsutbyttebeskrivingar og modell for lektorutdanninga**

Mål: Formulere læringsutbytte for kvart lektorutdanningsprogram og vedta modell for lektorutdanninga

- Oppnevning av prosjektgruppe for redesign av lektorutdanninga (møte 31.8., 14.9., 28.9. og 17.10.).
- Løpande tema i programstyret, styringsgruppa, praksisutvalet og LUA.
- Læringsutbyttebeskrivingar skal formulerast innan 1. oktober.
- Konsekvensutgreiing og utarbeiding av forslag til modell for lektorutdanninga. Herunder innspelsmøte om løsnings for praksis.
- Høyring i perioden 24.10.–21.11. om framlegg til modell for lektorutdanninga ved UiB. Allmøte ved oppstart av høyringsrunden.
- Tema i møte med eksterne fagfellar 2. november.
- Vedtak av modell for lektorutdanninga i styringsgruppa 15. desember

### **Våren 2023: Utvikling av programkart, emnebeskrivingar og studieplanar for dei einkilde programma**

Mål: Utvikle emna og studieplanane for lektorutdanningsprogramma

- Utvikling av programkartet i redesignprosessen (Curriculum mapping)
- Orientering i universitetsstyret og utdanningsutvalet
- Emneutvikling i fagmiljøa: tilpasning av emneporteføljen for fagdidaktikk, pedagogikk, disiplinfga og praksis til dei vedtatte endringane i ny modell for lektorutdanninga. Dette arbeidet strekkjer seg til hausten 2023.
- Ferdigstilling av studieplanane for dei einkilde lektorprogramma. Tilbod om emneverkstad i regi av UiB Læringslab.

### **Hausten 2023: Vedtak av emnebeskrivingar og studieplanar**

Mål: Vedtak om studieplanar for lektorutdanningsprogramma

- Vedtaksprosedyrer ved institutt og fakultet for oppdaterte emnebeskrivingar og studieplanar.

- Utgreiing av overgangsordningar for perioden med både gammal og ny modell (haust 2024–vår 2028).
- Innsending av fullstendige studieplanar til handsaming i programstyret for lektorutdanninga ved UiB.
- Oppdatere tekstar til studentrekruttering, planleggje rekrutteringskampanjer.

### **Våren 2024: førebuing til nytt studiedesign**

Mål: Førebui organisasjonen på nytt design av lektorutdanning

- Utlysing etter nye studieplanar.
- Rekrutteringsarbeid.
- Førebuing av haustsemesteret med opptak og undervisning etter nye studieplanar.

### **Hausten 2024: Implementering**

Mål: Nye lektorstudentar startar med nye studieplanar

- Nye studentar startar etter ny studieplanar

## VEDLEGG 2: Oppnevningensbrev for prosjektgruppen for redesign av lektorutdanningen



UNIVERSITETET I BERGEN  
Lektorsenteret



Det samfunnsvitenskapelige fakultet  
Sosiologisk institutt  
Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet  
Matematisk institutt  
Det humanistiske fakultet  
Institutt for fremmedspråk  
Institutt for arkeologi, [historie](#), kultur- og religionsvitenskap  
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier  
Det psykologiske fakultet  
Institutt for pedagogikk

Referanse

2022/2420-RAL

Dato

06.09.2022

### Oppnevning av prosjektgruppe for redesign av lektorutdanningen

Vi viser til tidligere utsendt tidsplan for redesign-arbeidet i lektorutdanningen ved UiB.

Høsten 2022 skal selve modellen for studieløpet i lektorutdanningen vedtas av styringsgruppen. I den forbindelse er det behov for å etablere en prosjektgruppe med representasjon fra programledelsen ved de ulike lektorprogrammene, inkl. fagmiljøet i pedagogikk. Det oppnevnes også studentrepresentanter fra Fagutvalget for den integrerte lektorutdanningen (FIL) til gruppen.

Representanter fra de nevnte programledelsene ble invitert til et forberedende møte 27.06.22. Det har deretter vært et første møte i prosjektgruppen den 31.08.22, der man blant annet behandlet og drøftet mandatet for gruppen.

Vi sender nå ut oppnevningensbrev for prosjektgruppen, der mandat, tidsperiode og representanter er omtalt.

Venleg helsing

Endre Brunstad  
fagleg leiar

Ranveig Lote  
seksjonssjef



## Vedlegg:

### **MANDAT FOR PROSJEKTGRUPPA FOR REDESIGN AV LEKTORUTDANNINGA**

Prosjektgruppa for redesign av lektorutdanninga ved UiB skal utarbeide framlegg til modell for lektorutdanninga, og bidra i arbeidet med programkart og læringsutbyttebeskrivingar for lektorutdanninga.

Arbeidet til prosjektgruppa skal følgje opp styringsgruppa sitt vedtak 27.04.2021 om redesign (sak 14/21), der dei overordna måla er «å få til ei betre innplassering av praksis og å styrkja samanhengen mellom praksis og undervisinga i disiplin-fag, didaktikk og pedagogikk». Arbeidet skal vidare byggje på universitetsstyret sitt vedtak om organisering av lektorutdanninga ved UiB, datert 17. 06 2021, og UiB-rapporten Arbeidsgruppe – struktur og økonomi i lektorutdanninga, datert 13.09.2018. Det er underforstått at framlegg frå prosjektgruppa er i samsvar med rammeplan for lektorutdanning 8–13.

Føringar for arbeidet:

- lektorutdanninga med fem ulike program skal ha eit heilskapleg studieløp med så einskapleg form som mogleg
- lektorutdanninga skal ha ei einskapleg praksisavvikling
- talet på praksisvariantar blir redusert
- praksis kan inngå som ein del av emna i fagdidaktikk og pedagogikk
- det blir innført profesjonsfagleg semester

Prosjektgruppa skal:

- utarbeide framlegg til modell for lektorutdanninga
- leggje til rette for konsekvensutgreiing av alternative modellar undervegs i arbeidet
- føreslå programkart for lektorprogramma
- koordinere innspel frå ulike miljø
- bidra i arbeidet med læringsutbyttebeskrivingar og kjenneteikn på læringsutbytte

Samansetjing:

- Endre Brunstad, prosjektleiar, lektorsenteret
- Jorun Nyhlén, MN-fakultetet
- Marianne Jensen, MN-fakultetet
- Sigrid Ørevik, IF
- Frode Helmich Pedersen, LLE
- Sissel Undheim, AHKR
- Katharina Sass, Sosiologisk institutt
- Lars Petter Torjussen, Iped
- Cecilie Boge, UiB Læringslab
- Sigrid Thorsen Baarnes, student/FIL
- Katrine Aske, student/FIL

Prosjektgruppa blir leidd av prosjektleiaren for redesignprosjektet, som rapporterer til styringsgruppa for lektorutdanning. Prosjektgruppa får administrativ støtte frå lektorsenteret og SA.

Tidsfrist for forslag til modell for lektorutdanninga (som skal ut på høyring 24.10.2022): **17.10.22**.

Tidsperiode for arbeidet: 01.08.22 til 31.07.2023.

## 2. Plan for møter i prosjektgruppen for redesign, høsten 2022

### Møte 31. august kl. 10–12

Det første møtet til prosjektgruppen vil være 31. august og ha fokus på mandat, mål, prosess og integrasjonsideen i oppdraget. Aktuelle punkt på dagsorden:

- Mandat for gruppen og for redesignprosjektet
- Kunnskapsgrunnlaget for redesignarbeidet - en kort oversikt
- Hva er det konsensus om når det gjelder modellarbeidet?
- Integrasjon av praksis, disiplin fag, fagdidaktikk og pedagogikk – hva betyr det?
- Prosessen videre (mot enhetlig og helhetlig praksisavvikling)

### Møte 14. september, kl. 10-12: Praksisavvikling A.

Møtet vil ha fokus på praksisavvikling. Vi skal identifisere rammevilkår for praksis og ha fokus på kollisjonsfri praksis. De faglige ønskene og de logistiske utfordringene må balanseres.

Førstesemesterstudiet og plassering av ex.phil. hører med her.

### 28. september, kl. 10-11: Praksisavvikling, fag 1 og fag 2

Fortsettelse fra neste møte. Fag 1 og fag 2. Masteroppgaven: 30, 45 eller 60 studiepoeng?

### 17. oktober: Høringsnotat

Fokus på utarbeiding av høringsnotat med framlegg til modeller for lektorutdanningen. Tidspunkt for møtet ble ikke fastsatt og må fastsettes på første møte. Høring blir sendt 24. oktober og møtet bør derfor være senest tidlig uken før. (Uke 41 er det høstferie.)

Det er planlagt et allmøte 25.10. med presentasjon av høringsnotat. Et heldagsseminar i slutten av september er planlagt i henhold til tidsplanen for redesign-arbeidet, men det var enighet om at dette seminaret ikke var formålstjenlig å arrangere, og derfor blir det droppet.

## **Sak 18/22      Høring ny studieforskrift**

Notat fra Lektorsenteret

*Drøftingssak*

## Notat

**Til: Felles programstyre for lektorutdanningen**

**Møte: 26. oktober 2022**

ephorte: 22/13416

---

Universitetet i Bergen arbeider med revisjon av grads- og studieforskrifta sin og inviterer fagmiljø og enheter til å komme med innspill til denne.

[Høring av ny studieforskrift ved UiB | Universitetssamfunnet - universitetspolitiske prosesser | UiB](#)

Programstyret inviteres herved til å drøfte om lektorsenteret bør sendes innspill som er særlig relevante for lektorutdanningen.

**Sak 20/22 Møte i UHR lærerutdanning 27.-28. oktober**

Saksdokumenter vedlagt.